

Førde, 05.10.2013

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Storelvi Kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk i Luster kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 21.08.2013 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett. Fråsegnen vår er, i tillegg til søknaden, basert på samtaler med lokalkjende, eigen kunnskap om området, og ei enkel synfaring av utbyggingsområdet for det omsøkte Storelvi Nedre kraftverk. Delar av informasjonen om friluftsliv, er henta frå fråsegnene våre om dei tidlegare konsesjonssøkte småkraftutbyggingane i Veitastrond.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.802. Storelvi Øvre og Nedre kraftverk ligg i Luster Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://luster.turistforeningen.no/>.

Om friluftsliv i området:

Veitastrond er eit av dei aller viktigaste friluftsområda rundt Jostedalsbreen. Dette gjeld både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Området er ikkje gjennomkommersialisert og prega av masse-turisme slik som i Briksdalen og til dels i Jostedalen (Nigardsbreen). Dette er med på å gjere Veitastrond mykje meir attraktivt både for norske og mange utanlandske turistar og friluftsfolk.

For dei fleste, både norske og utanlandske, er Austerdalsbreen det viktigaste turmålet. Og det er **mange** som går dit. På fine sommardagar kan det vere godt over 100 dagleg.

Den tidlegare private turisthytta på Tungestølen var viktig for friluftslivet fram til den vart total-øydelagd av orkanen Dagmar 2. juledag 2011. DNT v/lokallag har no konkrete planar om oppattbygging av hytta. Etter at den er klar, til sommaren 2015 håpar vi, reknar vi med at tur- og turisttrafikken til Veitastrond vil auke ytterlegare.

Sogn og Fjordane Turlag og medlemslaga våre har **fleire** turar i/til/frå Veitastrond kvart år. Mellom anna har Indre Sunnfjord Turlag gått turen frå Fonn i Stardalen til Tungestølen kvar einaste sommar i 29 år til no. Sjå turrapport for 2013-turen på denne linken:

http://www.istur.no/article.php?ar_id=38784&fo_id=1133

På dag 2 på denne turen, er det vanleg at ein stor del av deltakarane går frå Vårstølen i Veitastrond og gjennom Snauedalen til Fjærland. Turane kjem heilt sikkert til å gå i mange år framover også.

I tillegg har både Luster Turlag og fleire DNT-lag frå andre delar av landet, turar i Veitastrond. DNT Oslo og omegn har i mange år hatt "Base camp" i Tungestølen-området både for born/familiar og for ungdom. Dei har no etablert Veitastrond som ein fast "Base camp"-base gjennom bygging av eit



romsleg servicebygg og eit toalettanlegg. Bruken av dette anlegget har vorte ganske omfattande, og kjem til å bli vidareført, og truleg utvida, i åra framover. Breggruppa i Oslo og Omegn Turistforening har også turar til/frå Veitastond/Tungestølen.

Dei **aller** viktigaste turrutene i Veitastond er:

- Til Austerdalsbreen. Fleire tusen går dit kvart år. Ei fin, viktig, men sjølsagt mykje mindre brukt rute, er å halde fram vidare til Kvitesteinsvarden og over breen til Briksdalen.
- Langedalen og rutene over breen til/frå Fonn i Stardalen og Flatbrehytta i Fjærland.
- Snaudalen, og gjennom Snaudalen til Fjærland, eller omvendt.

I tillegg til desse 3 hovudferdselsårane for ”fot- og breturfolket”, er det også ei heil rekkje andre turruter både rundt Tungestølen, nede i/frå Veitastondsbygda, og med utgangspunkt frå ulike stadar langs Veitastondsvatnet. Veitastond er kort og godt eit eldorado for friluftsliv og naturoppleving, for alt frå lette familieturar til svært krevjande fjell- og breturar. Vi er **mange** som med stor glede både kjem attende gong etter gong, og marknadsfører Veitastond som tur-/turistmål for andre!

Utbyggingane av Storelvi Øvre og Storelvi Nedre kraftverk er i konflikt med m.a. desse turrutene:

1. Vårstølen – Snaudalen og eventuelt vidare til mellom anna Fjærland (merka turrute og den mest vanlege å gå) og fjelltoppen Kaldakari. Konflikten, med røyrgatetrase, kraftstasjon og ei elv med sterkt redusert vassføring, kjem heilt i starten av turen. Den planlagt utbygde elva vert kryssa på brua like på oppsida av kraftstasjonen. Dei flotte styrka, som ved stor vassføring gjer elva om til ein foss, er dominerande i landskapet akkurat der. Hovudkonflikten gjeld Storelvi Nedre kraftverk. Storelvi Øvre kraftverk blir ein del synleg på avstand.
2. Tungestølen – langs vestsida av Storelva – Snaudalen – Fjærland. Dette er også ei merka turrute. Denne ruta er mindre brukt enn ruta frå Vårstølen til Snaudalen. For denne ruta er det konflikt med begge utbyggingane, ettersom turruta går langs, og til dels nokså nær Storelva.

Tilleggsinfo: I Vedlegg 1 (del av dette dokumentet) og Vedlegg 2 og 3 (separate filer) har vi kopiert inn ekstra info om friluftsliv som vi ga i ei tilleggsfråsegn av 03.11.2008 om mellom anna det no endeleg avslegne Snaudedøla kraftverk. Dette er info som er relevant for dei no omsøkte kraftverka også, særleg for Storelvi Nedre.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Slukevna for kraftstasjonen er maksimum 170%, og minimum 11,9% av middelvassføringa. Dette må reknast som ei normal vassutnytting i dag.

Installert effekt er oppgitt til 3,9 MW for Storelvi Øvre og 4,4 MW for Storelvi Nedre.

Høgt oppe på side 12 i konsesjonssøknaden, er dei same tala oppgitt til 4,2 MW for Øvre og 4,7 MW for Nedre. Vi går ut frå at utbyggarane klargjer overfor NVE kva som er dei rette tala.

Produksjon: Her må det vere **ein alvorleg feil i tala** som er oppgitt i konsesjonssøknaden. I ei bre-elv som dette skal det kort og godt ikkje vere mogeleg at produksjonen er ca. 65% høgre om vinteren enn om sommaren, slik det står i søknaden! Vi går ut frå at NVE krev å få oppgitt (og seinare kontrollreknar) nye korrigererte tal frå utbyggarane.

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativ:

Minstevassføring: Omsøkt minstevassføring om sommaren er berre litt over 1/3 av 5-persentilen, 2.500 l/s. Dette er svært lågt, men under tvil kanskje akseptabelt for Storelvi Øvre. (Vi ber NVE vurdere dette.) For Storelvi Nedre derimot, der elva er eit svært viktig landskapselement, er ei minstevassføring på berre 2.500 l/s altfor, altfor lågt. Viss det i det heile vert gitt løyve til denne utbygginga, så må minstevassføringa om sommaren aukast kraftig. Etter vårt syn bør den her vere **10.000 l/s**, altså noko høgre enn 5-persentilen! Omsøkt minstevassføring om vinteren er OK.



Inntak: Vi har ikkje spesielle merknader til plassering og utforming av dei to inntaka. Steinplastring av dammane på luftsida synest vi er bra, ettersom det kan bidra til å gjere dei litt mindre synlege.

Røyrgate: Ei nedgraven røyrgate med eitt røyr med diameter 2 m, og eitt med diameter 2,2 m ved sida av kvarandre, vil gje omfattande terrenginngrep med truleg svært mykje fjellsprenging! For Storelvi Øvre, der det er lite ferdsel i nærområdet til elva, og der det er lite eller ingenting innsyn frå vegen som går til Tungestølen/Nyestølen, er dette truleg akseptabelt.

For Storelvi Nedre derimot, er det annleis. Der kjem inngrepa i område med stor ferdsel og svært godt innsyn. For den øvre delen av røyrгатetraseen, på oppsida av bomstasjonen for vegen til Tunge-
stølen/Nyestølen, vil røyrгатetraseen kanskje/truleg kunne skjulast nokolunde bra viss det vert gjort veldig godt oppryddingsarbeid. Men frå og med bommen og nedover mot kraftstasjonen, der røyr-
гатetraseen går vekk frå vegen, og der det er bratt og stort sett berre fjell, der vil inngrepa med all
fjellsprenginga bli så omfattande at dei ikkje let seg "kamouflere", nesten uansett kor godt arbeid som
vert gjort. Verknaden av inngrepa vert forverra av at den svært breie røyrгатetraseen her vil gå like
ved sida av elva der dei flottaste fossestryka er, og der innsynet til desse er best. **Under sluttsynfar-
inga for kraftverka ber vi NVE sjå ekstra grundig på røyrгатetraseen på denne strekinga, for
å vurdere dei påstandane vi her kjem med. Vårt syn er at inngrepa her vert uakseptabelt store.**

Kraftstasjonar: Vi har ingen spesielle merknader til plasseringa av, eller utsjånaden på stasjonane. God støydemping er viktig for begge stasjonane, og særleg for Storelvi Nedre, der det er ei rekkje hus og hytter i nærområdet, og der trafikken av mellom anna turgåarar, er stor.

Ettersom kraftstasjonane tek så stor del av den samla vassføringa i elva nedanfor den nedste kraft-
stasjonen, ber vi NVE vurdere om det er trong for omløpsventilar i stasjonane.

Vegbygging: Vi har ingen spesielle merknadar til vegbygginga i tilknytning til utbyggingane. I kon-
sesjonssøknaden har vi merka oss følgjande: *"Mellom kraftstasjonen og inntaket vert terrenget
tilsødd, men planert slik at det er framkommeleg med maskiner for seinare vedlikehald."*
Dette synest vi er veldig fornuftig! Då vert traseen både framkomeleg og lite synleg samstundes.

Kraftlinjer: Ingen spesielle merknader.

2.7 Alternative utbyggingsløyningar: Eitt moment ved val av utbyggingsløyning som ikkje er
nemnt, er at viss ein hadde bygd berre eitt kraftverk i staden for 2 som omsøkt, (inntaksplassering
som for Øvre, og kraftstasjonsplassering som for Nedre,) så ville truleg den samla maskininstallasjo-
nen i dette eine kraftverket vorte redusert til 5,5 MW. Dette av skattemessige årsaker. Ein slik reduk-
sjon ville resultert i lågare slukevne for kraftstasjonen. Det ville truleg vore nok med eitt røyr i sta-
den for 2 i røyrгата. Som følgje av dette hadde terrenginngrepa vorte betydeleg mindre, og restvass-
føringa i elva ville vorte ganske mykje større om sommaren. Truleg ville eit slikt kraftverk vorte
minst like lønsamt som den konsesjonssøkte 2-delte utbygginga, men den samla kraftproduksjonen
ville vorte ein del lågare.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Vi viser til det vi har skrive om minstevassføring tidlegare i fråsegna.

3.4 Biologisk mangfald: Vi har ikkje vurdert dette på ein skikkeleg måte, og reknar med at Fylkes-
mannen og NVE sine fagfolk gjer det. Vi har likevel merka oss den sterke tilrådinga om at everte-
bratfaunaen bør granskast nærare, og at potensialet for interessante funn er stort. **Med bakgrunn i
"føre var-prinsippet", ber vi NVE om å krevje ei tilleggsutgreiing om dette!** Når det ifølgje

Naturkartleggingsrapporten (Punkt 3.4 Artsmangfold, Evertebratar, side 22) er opplyst at det i nabo-elva Jostedøla er funne artar som er nye for vitskapen, og i tillegg er funne svært sjeldne artar, så må det etter vårt syn vere heilt opplagt at då må godt kvalifiserte fagfolk gjennomføre grundige undersøkingar i Storelva også!

3.5 Fisk: Vi har merka oss det som står i søknaden om at fiskebestanden i Veitastrondvatnet vart merkbart redusert etter kanaliseringa av Storelvi. Vidare er det gitt konsesjon til utbygging av den no viktigaste gyteelva, Elda. Dette betyr at det er viktig å ikkje forverre tilhøva for fisken i Veitastrondvatnet ytterlegare. I den samanheng ber vi NVE om sterkt å vurdere trongen for omløpsventilar i kraftverka i Storelvi for å unngå stranding av fisk lenger nede i elva ved bråstopp i kraftstasjonen.

3.7 Landskap: Der Storelvi etter vårt syn er aller viktigast for landskapet, der den er best synleg for eit stort tal forbipasserande, og der skadeverknadane av ei eventuell utbygging er aller størst, er på den nedre delen av utbyggingsstrekninga for Storelvi Nedre kraftverk. På denne strekninga vil både den reduserte vassføringa i elva og dei store inngrepa som følgje av nedsprenking av den doble røyr-gata, bli svært skjemmaende i landskapet, og redusere landskapet sin verdi. Vi tek med nokre foto frå dette området som illustrasjon på landskapsverdiane. NB! Fotoa vart tekne 11.09.2013 då vassføringa i elva var ganske låg, og mykje lågare enn vanleg sommarvassføring. Fotoa gir derfor ikkje eit heilt rett bilete av korleis elva er i den beste tur- og turistsesongen.

Foto 1: Frå nær ved bommen på vegen og nedover elva. Bak elva ser vi litt av vegen som kryssar elva på oppsida av den planlagde kraftstasjonen.



Foto 2: Dette viser den same elvestrekninga som Foto 1, men motsett veg. Frå vegen like vest for brua, og oppover. Fotturen frå Vårstølen via Snauedalen til Fjærland startar langs denne vegen.



Foto 3: Dette er teke oppover elva frå eit nokså kort stykke ovanfor standplassen for Foto 1. På denne strekninga ligg det mellom anna nokre fine jettegryter. (Dei er nemnde i konsesjonssøknaden.)



Foto 4: Teke frå om lag same stad som Foto 3, men nedover elva. Den delen av elva som er i bakgrunnen her, er i framgrunnen på Foto 1.



Foto 5 og 6 på neste side: Desse to fotoa viser, på nærare hald, nokre av dei jettegrytene som til ei viss grad er synlege på Foto 3.



I konsesjonssøknaden er konflikten med Landskap vurdert til å vere Liten i driftsfasen. Vi er ikkje einige i den vurderinga. Vi meiner at verknaden for Landskap også i driftsfasen er klårt negativ, og aller mest negativ for Storelvi Nedre kraftverk, der dei truleg omfattande landskapsinngrepa som følgje av nedsprenging av den doble røyrkata kjem i tillegg til den sterkt reduserte vassføringa i elva. **For Storelvi Nedre kraftverk er konflikten med Landskap i alle fall Middels negativ.**

3.11 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv først i fråsegna. Tilleggskommen-
tar: Vi er einige i at Tungestølen-området er det klårt mest nytta turområdet. Vi er også einige i at
tiltaksområdet for Storelvi Øvre kraftverk er lite brukt. Men vi er **ikkje** einige i at tiltaksområdet for
Storelvi Nedre kraftverk er lite brukt. Der passerer dei fleste som på gåtur i retning Snauedalen,
gjennom tiltaksområdet. Dei som kjem med buss til Vårstølen og går derfrå til Tungestølen/Base
camp-området går også gjennom tiltaksområdet, og dei som sykklar må gjennom tiltaksområdet.
Turistar og andre som kjem med bil og skal i retning Tungestølen/Nyestølen, må alle stoppe ved
vegbommen som ligg ”midt i” tiltaksområdet. Det er så avgjort konflikstar, så vi meiner at konflikt-
vurderinga i konsesjonssøknaden er feil når det gjeld Storelvi Nedre kraftverk.

Kommentarar til Avbøtande tiltak:

Vi viser til det vi har skrive tidlegare i fråsegna om auka minstevassføring.

Sumverknadar av mange utbyggingar:

I Veitastrond, inklusive langs vatnet, er det gitt konsesjon til 5 småkraftverk + ei 66 kV kraftlinje.
(NVE har oversynet, så vi sløyfar oppramsinga.) No er det omsøkt ytterlegare 4 småkraftverk, av
desse er dei 2 i denne søknaden i sjølve hovudelva. Alle dei andre utbyggingane er i sideelvar.

Vi er urolege for sumverknadane av alle utbyggingane i Veitastrond, **og ber NVE vurdere dette
nøye.** Vi har full forståing for, og aksepterer, at folk i Veitastrond ønskjer å bygge småkraftverk.
Men vi er altså urolege for at det samla omfanget skal bli for stort. Vi er glade for at Snauedøla får
renne fritt også i framtida. Det synest vi er viktig! Men vi synest ikkje at ”alt anna” skal byggast ut
heller, då blir det for mykje! I samband med handsaminga av desse 4 nye søknadane ber vi derfor
NVE om å gjere ei grundig vurdering av kva for nokre av søknadane som skal få konsesjon. Etter
vårt syn bør det ikkje vere alle!

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbyggingane:

Storelvi Øvre kraftverk: For dette kraftverket meiner vi at konfliktnivået med mellom anna
friluftsliv er innanfor det som er akseptabelt. Vi **aksepterer derfor denne utbygginga.** Dette med
atterhald om at eventuelle tilleggsundersøkingar om biologisk mangfald ikkje tilseier noko anna.

Storelvi Nedre kraftverk: For dette kraftverket er konfliktane både med friluftsliv og landskap
mykje større enn for Storelvi Øvre, noko vi har grunngitt tidlegare i fråsegna. Og så har ein dette
med sumverknadane av alle utbyggingane i Veitastrond. **Vi går mot denne utbygginga.** Av desse to
meinar vi det er nok å bygge ut Storelvi Øvre!

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet
Alvar Melvær (sign.)



Vedlegg 1.

Det som står nedanfor er kopiert frå fråsegna vår av 03.11.2008 om dei 6 tidlegare konsesjonssøkte utbyggingane i Veitastrond, mellom andre Snauedøla kraftverk.

Tilleggsinformasjon om friluftsliv i Snauedalen:

Det finst berre 3 turruter der ein kan krysse Jostedalsbreen nasjonalpark utan å gå på bre, og dermed utan å ha spesialkunnskapar/breførar og spesialutstyr for brevandring. Desse er frå sør:

1. Veitastrond - Snauedalen – Supphelledalen – Fjærland.
2. Høyset i Stardalen i Jølster - Oldeskaret – Briksdalen i Olden i Stryn.
3. Sunndalen i Stryn - Kamperhamrane - Rauddalen i Skjåk.

Dette aleine, og at ruta gjennom Snauedalen er den einaste av sitt slag i Sogn, er etter vårt syn grunn god nok til å ta spesielt vare på både Snauedalen og Supphelledalen. Det planlagde inntaket ligg rett nok omlag 1 km frå nasjonalparkgrensa, men ein får, som samla konsekvens av heile kraftverket, store inngrep i denne letttilgjengelege ”inngangsporten” til nasjonalparken!

Fast årleg tur gjennom Snauedalen til Fjærland: Indre Sunnfjord Turlag har sidan 1984 kvart einaste år arrangert ein stor fellestur mellom Fonn i Stardalen og Tungestølen i Veitastrond. Turen går på laurdagar omkring månadsskiftet juni/juli. Etter overnatting på Tungestølen går ein stor del av turdeltakarane søndagstur frå Veitastrond gjennom Snauedalen til Fjærland. Samla deltakartal på turane gjennom Snauedalen til Fjærland har i desse åra vore om lag 600 opplyser Indre Sunnfjord Turlag, **eit gjennomsnitt på om lag 24 pr. år.** Dei siste åra har deltakartalet variert mellom 17 og 29, altså omkring gjennomsnittet.

Nesten faste turar dei siste åra: Det har vore Base Camp på Tungestølen i fleire år, og vi har pr. E-post fått følgjande info frå [Dag Olav Brækkan](#), Ungdomskonsulent DNT Oslo og Omegn:

”DNT Oslo og Omegn har siden 2002 arrangert base Camp ved Tungestølen.

Det er ca 270 deltagere + ledere med her hvert år. Det arrangeres 2 ungdomsleire og 2 familieleire.

Snauedalen har vært i bruk som turområde under arrangementene i alle år. Dette er et veldig flott sted for turer, der en får en blanding av naturopplevelser med fjell, dal og breen, samt vandring innover gjennom kulturlandskapet med geitebruket. Deltagerne har satt stor pris på denne turen. Den er passelig vanskelig til at mange kan være med og få store opplevelser. Å komme helt inn i dalen å skue ut til Fjærland er en flott opplevelse av det naturen her har å by på.

Dersom en får en kraftutbygging av Snauedalen vil det forringe området vesentlig. Uten å ha sett detaljene i planene her vil det være nærliggende å tro at mye av opplevelsen av det urørte og ville blir borte.

Vi regner med at vi kommer tilbake til Tungestølen med flere leire, og det ville være svært synd om dette området da skulle være borte.

Vi håper derfor at disse planene kan endres.

De siste årene har det ikke vært andre organiserte turer fra DNT Oslo og Omegn i området, men det er et aktuelt turområde for de som er fjellsportinteresserte i forbindelse med turene på breen. Vår fjellsportgruppe hadde samling her inne sommeren 2004, og benyttet da blant annet turen inn i Snauedalen.



Tilfeldige turar gjennom Snauedalen til Fjærland: Av store fellesturar etter tusenårsskiftet, har vi kjennskap til desse:

- 14.08.2005 Streif-tur frå Veitastrond til Fjærland. Turen var eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane Turlag, Fylkesmannen, Veitastrond Bondelag og Veitastrond Idrettslag, og hadde 111 deltakarar. Sjå presseoppslag om turen i vedlegg 1.
- 15.08.2004 Tur frå Veitastrond til Fjærland i samband med 50-års-jubileet for Flatbrehytta, der Dronning Sonja var til stades. Deltakartal i storleiksorden 100, men nøyaktig tal ukjent.
- 22.06.2002 Tur frå Veitastrond til Fjærland i samband med nytutgjevinga av boka "Ei liti ferd fraa Sogndal til Fjærland" som Henrik Krohn skreiv i 1868. Turarrangørar Sogndal Turlag og Bokbyen i Fjærland. Deltakartal i storleiksorden 100, men nøyaktig tal ukjent.
- Luster Turlag har av og til turar i Snauedalen. Siste turen gjekk i regnvær 23.09.2007 og hadde 9 deltakarar.
- Vi har fått opplyst at ymse lag og organisasjonar, inkl. idrettslag, og truleg også bedrifter, frå tid til anna går turar i/gjennom Snauedalen, men vi har dessverre ikkje konkrete opplysningar om turane. (Har NVE gått tur i Snauedalen?)

Fjelltrim/topptrimturar: Dette er individuelle turar til bestemte mål der ein skriv seg inn i ei bok eller finn eit stempel. Frå Lustranytt nr. 2, 2003 kopierer vi følgjande om slike turar i Snauedalen og Eldedalen:

Fjelltrim/topptrim

Veitastrond idrettslag har også gåande ein fjelltrim/topptrim. Fjelltrimmen består av fem toppar: Eldedalen, Snauedalen, Austerdalsbreen, Røytviksholten og Nesaskåri. Topptrimmen inneheld desse fem pluss Nyestølsnovi og Fossanipa. Vil du melda deg på fjelltrimmen, kan du gjere det på Matkroken. Her held og Strondi Sommarkafe til, og her der det difor høve til å fylle opp tanken etter ein fin fjelltur.

Historiske turar: Ruta mellom Veitastrond og Fjærland via Snauedalen er ein gamal og mykje brukt ferdselsveg som har lange historiske tradisjonar. Nokre dømme på bruk:

- Transport av det kanskje eldste reine norske flagget (utan union-merke) frå Veitastrond til Fjærland i 1896, 1956 og 1996, sjå historia i Vedlegg 2.
- Ruta vart tidlegare brukt som postrute til Veitastrond når det var "meinis" (=usikker is) på Veitastrondsvatnet.
- Ruta vart brukt av folk som gjekk på "friarferd" mellom Fjærland og Veitastrond.
- Den første jernplogen i Veitastrond vart transportert dit frå Fjærland via Snauedalen!
- Ruta var ei handelsrute. Dømme: Så seint som under siste verdskrig bar ein Fjærlending 3 levande grisungar i ein kasse opp til toppen av Snauedalen, der kjøparane frå Veitastrond overtok bæringa vidare ned gjennom dalen til bygda. Historia har namnet på dei som bar – på begge sider av Supphelleskaret. Sjå Vedlegg 3.
- Ruta er sterkt knytt til reiseliv og pionerane når det gjeld utforsking av Jostedalsbreen. Mellom anna gjekk engelskmannen [William Cecil Slingsby](#) ruta dagen før han i august 1894 "oppdaga" og gjekk opp Austerdalsbreen. Den norske pioneren Kristian Bing, som "opp-

daga” Austerdalsbreen frå motsett kant (frå breplataet og ned) same dagen som Slingsby, gjekk så vidt vi veit ruta gjennom Snauedalen dagen etter ”oppdaginga”.

Reiselivsturar i dag: Her har vi altfor lite kunnskap, men vi kopierer dette frå ein E-post vi fekk frå ein reiselivsmann:

”Jeg gikk turen fra Veitastrond til Fjærland nå i sommer, en flott tur! hvertfall helt til vi kom ned i Supphelledalen. Der er det totalt gjengrodd og svært utfordrende å gå. Litt synd det der, hadde med en amerikansk reisebyrå dame som var helfrelst, men som ikke ville la gjestene sine gå i villniset i Supphelledalen.”

Vi er kjende med at turruta er svært ”uryddig” på Fjærlandssida p.g.a. gjengroing og ras, og skal til sommaren prøve å samla folk til dugnadsinnsats for å gjere noko med dette. På Veitastrondsida, Snauedalen, er ruta heilt fin å gå, tydelegvis også for ei ”amerikansk reisebyrå dame”. Det er klårt at viss ruta vert rydda, er den ei fin rute også i kommersiell turismesamheng.

Turruter frå Snauedalen: Den absolutt mest brukte er sjølv sagt ruta over til Fjærland, sjå OPPTUR-boka side 188 - 191. Men det går også ruter både frå nær munningen av dalen og frå inst i dalen og opp på toppane og breane på nordsida, som Kaldakari, Nystølsnovi, Opptakshaugane, Vetle Supphellebreen etc. Derfrå kan ein gå Midtnovi eller Nystølsnovi til Langedalen. Nokre turruter i Veitastrond, mellom anna via Snauedalen og Eldedalen, er omtala på:

http://www.dntfjellsport.no/bergen/index.php?fo_id=1708

Nokre turar er omtala på www.breporten.no. Sjå under ”Turar i området” på denne linken:

<http://www.breporten.no/index.php?NyheitNr=19&cat1=0&cat2=0&artrangering=Overskrift&artrangering=ASC&la=NO>